

Vedtekter for Kløvheim barnehage AS

Følgjande vedtekter vert gjort gjeldane frå 1.3.2015

- § 1. **Eigartilhøve**
Barnehagen er eigd og vert driven av Kløvheim barnehage AS. Charlotte N. Grimstad eig 100 % av aksjane, og er styreleiar. Styret er oppnemnd av eigar.
- §2. **LOVVERK**
Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar m/ forskrifter og Rammeplanen for innhaldet og oppgåver for barnehagar. Gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet, årsplan, kvalitetssikringsplan og målsetningane til barnehagen er lagt til grunn.
- §3. **FORMÅL**
Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverd og naturen.

Barnehagen skal stimulere barna til å bruke og utvikle eigne evner og anlegg, og gje dei eit godt grunnlag til å bli sjølvstendige, tolerante og skapande menneske.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens verdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (jf. § 1 i LOB)

Ved alle handlingar som foretas av organisasjonen Kløvheim barnehage As, skal omsynet til barnas beste vera grunnleggjande. Kløvheim barnehage As er ein barnehage der natur, miljø og friluftsliv vil stå i fokus og det skal liggja i botnen for all vår aktivitet.
- § 4. **ORGANISERING**
Kløvheim barnehage As er underlagt styret ved eigar. Styrar har hovudansvar for den daglege drifta og at den samsvarer med § 2 og § 3 i Kløvheim barnehage As sine vedtekter.
- §5. **STYRINGSVERK**
Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval (SU) og eit foreldreråd, jf. LOB § 4. Su er samansett av 1 foreldre, 1 frå personalet og styrar. Eigar deltek dersom dette er ønskeleg. Styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett.
Kløvheim barnehage As sitt styre er overordna SU, og SU må rette seg etter dei vedtak som til en kvar tid blir gjort gjeldane.
Styrer kallar inn til første SU-møte, seinare er det leiar i SU sin oppgåve.
- § 6. **INTERNKONTROLL**
Barnehagen har eit internkontrollsystem som dokumenterer at helse, miljø og tryggleik er ivaretatt på dei område internkontrollforskriftene er gjort gjeldande.
- § 7. **BARNEHAGENS PERSONALE**
Barnehagen følgjer norm for pedagogisk bemanning jf. LOB.
Eigar og styrer tilset personalet. Det må føreligge politiattest ved tilsetning. Alle tilsette får eigne arbeidsavtaler.
- § 8. **OPNINGSTIDER / FERIE**
Barnehagen held ope frå kl. 7.00 - 17.00 vekas fem første dagar.
Barnehagen er stengd jule- og nyttårsaftan.
Personalet har 5 planleggings- /kursdagar i året, då er barnehagen stengd.
Barnehagen er stengd veke 29 og 30, samt romjula og påske
Hovudferie til barnehagen er veke 27, 28, 29, 30, 31, 32.
Barnet skal ha 3 veker samanhengande ferie i hovudferieperioden.

Hovudferien skal meldast til barnehagen i veke 15, 4 ferieveke skal meldast seinast 1 veke før den vert gjeldande.

§ 9. **BARNETALL, ALDER OG AREALUTNYTTING**

Barnehagen tilbyr plass til 34 barn i alderen 1 – 5 år.

Norm for leikeareal inne er minimum 4 m² pr. barn over 3 år, og om lag 1/3 meir pr. barn under 3 år.

Ute bør arealet vera 6 gangar større.

§ 10a. **OPPTAK**

Lindås kommune gjennomfører samordna opptak. Søknad om opptak sendes på fastsett skjema til Lindås kommune, innan 1. mars kvart år (hovudopptak). Ei opptaksnemd samansett av styrar i barnehage, helsesøster, representantar frå PPT og barnevernet føretak opptaket.

§ 10b. **OPPTAKSSYSTEMET**

Barn som er tildelt plass i barnehagen får behalde plassen fram til barnet byrjar på skolen, eller til foreldre/føresette skriftleg seie opp plassen. Barn frå andre kommunar får behalde plassen eit barnehageår om gangen.

§ 10c. **OPPTAKSKRITERIER**

- 1) Barn med funksjonshemming; jf. Lov om barnehagar § 13.
- 2) Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenesten § 4-12
- 3) Barn til personalet og eigar.
- 4) Utviding av born som allereie har plass
- 5) Søsken av born som har plass i barnehagen
- 6) Fagleg skjønnsvurdering etter alder, gruppesamansetning, barn av einsleg forsørgjar, barn frå familiar der ein eller begge foreldra er framandspråkleg, med unntak av svensk og dansk.

Opptakskriteria gjelder under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon ligg ved søknad.

§ 10d. **OPPTAKSKRETS**

Barn som er busett i Lindås kommune er prioritert. Dersom det er ledige plasser kan barn frå andre kommunar få plass.

§ 10e. **PLASSTYPER**

Kløvheim barnehage As tilbyr 5 dagers plasser.

§ 10f. **KLAGE PÅ OPPTAK**

Tildeling av plass skal skje i samsvar med fastsette opptakskriterie. Når det gjeld retten til å klage over avslag på søknad om barnehageplass viser en til § 6 – 10 i Lov om Barnehagar.

§ 11 **OPPSEIING / ENDRING AV PLOSS**

Ved ønske om endring av plass må det føreligg ein skriftleg søknad.

Endring av plass kan gjennomførast dersom barnehagen ikkje sit med tomme plasser.

Gjensidig oppseiingsfrist er 2 månader frå den 01. kvar måned. Oppseiinga skal være skriftleg. Der oppseiinga blir levert etter 01. april, må det likevel betalast ut barnehageåret. Reglane for oppseiing gjeld frå og med føresette har bekrefta at dei tek imot plassen. Juli vert ikkje rekna som oppseiingsmånad sidan det er ferieavvikling.

§ 12. **FORELDREBETALING**

Det er styret i Kløvheim barnehage As som fastset foreldrebetalinga etter dei statlege pålegg om foreldrebetalning.

Innbetalinga skal skje den 10. i kvar mnd

Foreldra betaler for 11 mnd i året.

Barnehagen gjev 30 % søskenmoderasjon for 2. barn, 50 % for 3. barn.

Dersom barnet blir levert for tidleg/henta for seint, fører dette til ein kostnad på storeleik med gjennomsnittleg lønnsutgift pr. time (kr. 200 pr. time).

Dersom ikkje foreldre nyttar seg av plassen barnet har i barnehagen av ulike grunn og inga oppseiing føreligg, har ein ikkje krav på å få tilbakebetalt innbetalt foreldrebetaling.

- § 13. **MISLIGHALD**
Ved betalingsmislighald eller stadig for tidleg levering/for sein henting av barn, kan barnehageplassen seiast opp frå den næraste 1. i månaden. Barnehagen skal gje skriftlig varsele til foreldra/føresette om konsekvensane, samt gje ein frist for å rette opp forholdet.
- § 14. **ØKONOMISK ANSVAR**
Kløyheim barnehage AS står ikkje økonomisk ansvarleg dersom nokon av eigendelane til brukarane blir øydelagt /forsvinn i løpet av barnehageperioden. Kløyheim barnehage AS kan ikkje krevje at brukarane står økonomisk ansvarlig dersom nokon av eigendelane til barnehagen blir øydelagt av brukarane i barnehagen si opningstid.
- § 15. **FORVALTNING**
Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagen
- § 16. **FORSIKRING**
Kløyheim barnehage AS har ulykkesforsikring for alle som har plass i barnehagen.
- § 17. **TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT**
Ein kvar person som utfører tenester eller arbeider etter Lov om Barnehagar har teieplikt etter LOB § 20, jf. § 13 til 13 F i forvaltningsloven.
- § 18. **FREMMØTE V/SJUKDOM**
Sjuka barn skal ikkje opphalde seg i barnehagen. Ved tvilstilfelle avgjer styret om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje kan/skal være i barnehagen. Dette av omsyn til barnet det gjeld og barnegruppa.
- § 19. **VEDTEKTENES VARIGHET**
Vedtektene er fastsett av styret i Kløyheim barnehage AS og styret kan gjøre endringar etter behov.

Charlotte N. Grimstad
Daglig leder og styreleiar i
Kløyheim barnehage AS